

PKO-NYTT

Praksis - Konsulent - Ordninga

Nr. 6 - 2017



Foto: colorbox



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus



Haraldsplass
Diakonale sykehus

Rapportering av sterkt avvikande resultat på D-Dimer også til fastlegen

Av: Rita Rosenlund, overbioingeniør Haukeland universitetssjukehus

Laboratorium for klinisk biokjemi har no endra praksis ved sterkt avvikande prøvesvar på D-Dimer tatt på legevakt. Til no har rutinen vore at vi har ringt inn prøvesvaret til legevakta. No har vi endra rutina og vil også sende prøvesvaret elektronisk til fastlegen. Som vi har nevnt tidlegare ser vi klart at det er viktig at fastlegen raskt får svaret med laboratoriet sine kommentarar. Vi takkar fastlege Siren Haugland som har kontakta oss angående dette.

Når pasienten skal velje behandlingsstad

Ei undersøking gjennomført av "Epinion" viser at 42 % av befolkninga kjenner til nettstaden "fritt behandlingsval", og 14 % kjenner til pasientrådgivaren. Helsedirektoratet og helseføretaka har derfor kjøyrt ein opplyskingskampanje på sosiale media i vår, om pasientens rett til å velje behandlingsstad.

På www.helsenorge.no/velg-behandlingssted er ein oversikt over ventetider, offentlege sjukehus og private behandlingsstader pasienten kan velje mellom. Både pasientar og legar kan kontakte pasientrådgivar på telefon **800HELSE (800 43 573)**. Pasientrådgivarane er sjukepleiarar med erfaring frå spesialisthelsetenesta. Dei kan gi informasjon om ventetider for utgreiing og behandling, i og utanfor pasienten sin helseregion. Dei har også god kjennskap til pasientrettar, oversikt over avtalespesialistar, og ordninga "Raskare tilbake".

Informasjon via fastlegen

For å ta gode val er det nødvendig med relevant informasjon om ventetider og kvalitet. I følge Helsedirektoratet skal tilvisande lege informere pasienter om retten til å velje behandlingsstad og hjelpe pasientar med å ta gode val. På www.helsenorge.no/velg-behandlingssted er det publisert kvalitetsindikatorar, informasjon om ventetider, og tal på utførte behandlingar.

Dersom pasienten har ønske om ein bestemt behandlingsstad, må dette komme klart fram i tilvisinga frå fastlegen.

Les meir på: www.helsedirektoratet.no/fritt-behandlingsvalg/fastlegens-ansvar-i-fritt-behandlingsvalg
Kjelde: Rundskriv frå Helse -Vest

Det skjer i haust



• Axelinakurs

7. og 8. september

Haraldsplass Diakonale Sykehus. Tema: Diagnose, utgreiing og behandling av dei vanlegaste lidingar i skuldrer. Ved eit felles kurs for primærlegar, fysioterapeutar og ortopedar ønskjer vi å forbetre samarbeidet. 16 timar godkjend for allmennmedisin, fysikalsk medisin, og ortopedi. *Les meir: www.haraldsplass.no/arrangementer/somlos-skulderbehandling-med-axelina-2017-09-07*

• Nytt og nyttig møte 3. oktober.

Haukeland universitetssjukehus.


• Samhandlingsseminar 1. november

på Haraldsplass.

TIPS

På nettsidene til fylkesmannen ligg no ein oversikt over alle kommuneoverlegane i fylket, med e-post adresser.

Sjå www.fylkesmannen.no/Hordaland/Helse-omsorg-og-sosialtenester/Helsetenester/Kommuneoverlegar-i-Hordaland/



Dagkirurgisk senter på Betanien sykehus.

-flere tilbud innen gynekologi og kirurgi.

Av: Marit Rekke og Kathe Helland Holmås, praksiskonsulenter på Betanien Sykehus

Gynekologi:

1. Laparoskopi: diagnostisk us, behandling av endometriose, fjerning av cyster og eggstokker, utredning og behandling av infertilitet.
2. Hysteroskopiske operasjoner: endometrireseksjon, fjerning av myomer og polypper, descensoperasjoner, korreksjon av fødselsskader, hysterektomi, TVT(operasjon for urinlekkasje)
3. Andre gynekologiske operasjoner: konisering, abrasio, fjerning av fastsittende spiraler, punksjon av cyster på eggstokkene

Kirurgi: Hernie, hæmorrhoider, phimose, sacralfistel, inngrodd negl, hydrocele, hidrosadenitt

Ventetid

For de fleste dagkirurgiske inngrep er det 12 ukers ventetid, med unntak for operasjon av haemorider som er 35 uker.

Betanien dagkirurgisk senter har 3 operasjonsstuer, og disponerer 3 sengeplasser for pasienter som trenger overnatting. Som regel er det etter hysterektomi- og sacralfisteloperasjoner.

Preoperativ vurdering utføres av fastlegen

Pasienten blir ikke innkalt til preoperativ undersøkelse. Henvisende lege må derfor vurdere pasientens egnethet for dagkirurgi med beskrivelse av hjerte og lungestatus.

- Pasienter må ha BMI<40
- MRSA-prøve skal være tatt dersom pasienten har vært i kontakt med helsevesenet/tannlege i utlandet det siste året.
- Pasienten skal ikke være alene første døgnet etter operasjonen

Alle pasienter får tilsendt et helseopplysnings skjema sammen med innkallingen. Skjemaet skal pasienten fylle ut og sende til dagkirurgen, der det blir gjennomgått av anestesilege.

Les meir på: www.betanien.no/hospitalet/dagkirurgisksenter

Menn og trening av bekkenbotn

Trening av bekkenbotn er oftast aktuelt for menn som må fjerne prostata, men menn som opplever lekkasje kan også ha nytte av øvingane.

Av: Synneve Johansson Schnell, fysioterapeut

Før og etter kirurgi

Trening av bekkenbotn er aktuelt for menn som skal opererast for cancer prostata. Vi anbefaler at dei begynner å trene i god tid før operasjonen, for å gjere seg kjend med øvingane.

Postoperativt bør trening av bekkenbotn starte same dag som urinkateteret blir fjerna. Studiar viser at regelmessig trening av bekkenbotn gjer at pasientane raskare oppnår kontinens, eller får reduksjon av urinlekkasje postoperativt. Det krev at pasienten må trene målretta dei første 3 månadane. Deretter bør han fortsette med vedlikehaldstrening livet ut.

Øvingane har til hensikt å stramme muskulaturen rundt endetarmsopninga, ved hjelp av knipeøvingar i liggande, sittande, eller ståande stilling. Øvingane er forklart i Fagprosedyren «Bekkenbunnstrening for menn» som ligg tilgjengeleg på Helsebiblioteket sine internettsider.

www.helsebiblioteket.no/fagprosedyrer/ferdige/bekkenbunnstrening-for-menn-som-har-gjennomgatt-robotassistert-laparoskopisk-prostatectomi-ralp

Trening av bekkenbotn er eit konservativt og lett tilgjengeleg tiltak. Dersom pasienten har vanskar med å få til treninga kan lege tilvise vedkomande til helsepersonell med kompetanse på området. Det kan vere spesialfysioterapeut, uroterapeut, eller ein urologisk poliklinikk.